


- debattredaktør Johannes Morken
- epost: debatt@vl.no, telefon: 22 310 394
- post: Vårt Land, pb.1180, sentrum, 0107 Oslo
- verdidebatt.no

verdidebatt



«Vi er overtydde om at det ikkje held å stemma på parti som har vist at dei i praksis ikkje prioriterer å gjera noko med klimautsleppa»

Gunnar Kvåle og Tom Sverre Tomren

- Hovedinnlegg: Maks 3.500 tegn
- Innlegg og replikk: Maks 1.800 tegn
- Kort sagt: 600-1.000 tegn
- NB: Alle mål inkluderer mellomrom.
- Vi foretrekker ditt innlegg på e-post.
- Innlegg må signeres med fullt navn. Oppgi adresse og telefon. Legg gjerne ved bilde av deg selv
- Konvolutter som postlegges, må merkes med «debatt».

- Redaksjonen forbeholder seg rett til å forkorte.
- Innsendte manus blir ikke returnert.
- Vårt Land betinger seg retten å arkivere og utgi alt stoff i av elektronisk form i Vårt Land arkiv eller andre databaser. Vårt Land har avtale med. Stoffet kan også gjøres tilgjengelig på Vårt Land internetsider.

Handling for skaparverket

Som kyrkjefolk, foreldre og besteforeldre, er vi stolte av å tilhøyre ein kyrkje som vil bidra til å få norske politikarar til å vakne.



Gunnar Kvåle og Tom Sverre Tomren

- Professor emeritus, Miljøpartiet Dei Grøne, Os i Hordaland
- Sokneprest, fyrstekandidat til stortingsvalet for Miljøpartiet Dei Grøne i Hordaland

KLIMA

Kyrkjemøtet er Den norske Kyrkja sitt øvste organ. Under siste kyrkjemøtet gjorde delegatane eit vedtak som fortener å verte halde fram når verdas miljøvern dag skal feirast, og når kyrkjelydane er på veg mot feiringa av skaparverkets dag.

I innleiinga til kyrkjemøtevedtak 4/12 forklarar kyrkja si haldning til klimaspørsmål med følgjande skildring av dagens situasjon:

«Det er en grunnleggende urettferdighet at industrialiserte land har bidratt og fremdeles

bidrar til karbonutslipp og klimendringer som gjør livsvilkårene svært vanskelige i fattige land. Industrialiserte land har bidratt med over 80 prosent av de akkumulerte klimagassutslippene i atmosfæren, og slipper fortsatt ut mer enn tre ganger så mye i gjennomsnitt per hode enn fattige. Klimarettferdighet innebærer at i en global klimavtale må rike land gå foran med utslippskutt hjemme, og bidra finansielt til klimatilpasninger og utbygging av fornybar energi for å gi fattige land utviklingsmuligheter uten å øke de globale klimagassutslippene.»

Betydelege kutt. På bakgrunn av denne erkjenninga vedtok Kyrkjemøtet å utfordra ikkje berre einskildmenneske, men òg storting og regjering til å prioritere betydelege kutt i klimagassutslipp i Noreg. Kyrkjemøtet ber dei ta nye initiativ på den internasjonale arenaen og føra ein klimapolitikk som tek solidaritet mellom generasjonane på alvor.

Møtet krev ei opprydding i offentlege norske investeringar. Dei ynskjer sterkare vekt på etiske retningslinjer, basert på omsyn til

VERDAS MILJØVERN DAG

Vart innført i 1972 for å auke kunnskap og merksemd omkring miljøspørsmål. Markeringa er 5. juni kvart år. Kyrkja markerer skaparverkets dag med same grunngeving.

miljø, forbruk og rettferd, og at regjeringa sørgjer for at Statoil trekkjer seg ut av oljesandprosjektet i Canada. Dette er naudsynt både ut frå klima- og miljøomsyn, og omsynet til urfolk sine rettar.

Kyrkjemøtet vil at Noreg må arbeida for å få industrialiserte land til å finansiere fattige land si klimatilpassing. Slike tiltak må kome i tillegg til anna bistand. Ein krev og at ti prosent av oljefondet (SPU) må investerast i fattige land på ein måte som kjem fattige menneske til gode, og at vesentleg meir av SPU må investerast i fornybar energi og vesentlig mindre i fossilindustrien.

Vekst og forbruk. Kyrkjemøtet er ikkje den einaste autoriteten innanfor Den norske Kyrkja




Kyrkjemøtet i 2013 kom med sterke utfordringar om ein ny klimapolitikk. Biletet er frå opningsgudstenesta i Kristiansand domkyrkje.

Foto: Anton Ligaarden

som ber oss kristne oppjustera vår innsats mot ein samfunnsmodell som skapar auka menneskeskapte klimaendringar. Leiarane for dei store misjonsorganisasjonane – NMS, Normisjon og NLM – la for ei tid sidan fram sine syn på klimautfordringane i eit tankevekkjande innlegg i Vårt land. Under overskrifta «Samfunnet har gått seg vill» skreiv dei mellom anna: «Vi må vende oss bort fra et forbruk som belaster Guds skaperverk og gjør oss til avgudsdyrkere». Dei etterlyser ein samfunnsmodell som ikkje baserer

seg på fortsatt vekst og forbruk, men som «gir sann mellommenneskelig velstand uten fortsatt økonomisk vekst for oss rike».

Auka. Dei politikarane vi har på stortinget i dag ynskjer ikkje å gjennomføra tiltaka som må til. Den politikken dei har ført etter at Kyotoavtalen vart signert i 1997 har auka dei norske klimagassutslippa med 6 prosent, eller om lag 30 prosent målt på CO₂-utslipp. Heller ikkje planen dei har for å rydda opp er i nærleiken av krava frå FN. Klimameldinga og klimaforliket, som



alle parti, med unntak av FrP, har signert, gjev i beste fall ein reduksjon på 10 prosent av Noregs CO₂-utslipp, truleg mindre.

«Møtet krev ei opprydding i offentlege norske investeringar»

Gunnar Kvåle og Tom Sverre Tomren

Som kyrkjefolk, foreldre og besteforeldre, er vi som skriv dette innlegget stolte av å tilhøyre ein kyrkje som vil bidra til å få norske politikarar til å

vakne. Vi er overtydde om at det ikkje held å stemma på parti som har vist at dei i praksis ikkje prioriterer å gjera noko med klimautsleppa. Vi er overtydde om at det naudsynt å etablere ei ny politisk kraft i norsk politikk, ein norsk variant av dei Europeiske Grøne. Vi har sett korleis dei grøne partia som kjem til makta, har snudd utviklinga i andre land i Europa, og er overtydde om at vi treng det same i norsk politikk.

Vi er glad for Kyrkjemøtet si utfordring til medlemmane sine om å «la omsyn til ein forsvarlig klimapolitikk og arbeid for global rettferd få stor vekt ved politiske val».